



Aqua Farms Vartdal AS

6170 VARTDAL

Vedtak om løyve til Aqua Farms Vartdal AS for lokalitet 12308 Bjørndal i Ørsta kommune. Vedtak om risikoklasse og gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedtek å gi Aqua Farms Vartdal AS løyve etter forureiningslova til matfiskanlegg for laks, aure og regnbogaure på lokaliteten 12308 Bjørndal på inntil 3120 tonn MTB, jf. søknad av 07.07.2012. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt.

Verksemda er plassert i risikoklasse 3.

Sakshandsaminga er plassert under gebyrsats 4, og verksemda skal betale eit gebyr på kr 19 900.

Løyvet trer ikkje i kraft før det er gitt løyve etter akvakulturlova.

Vedtak om løyve

Vi viser til oversending frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 17.7.2012 med søknad av 07.07.2012. Aqua Farms Vartdal AS søkjer om løyve til produksjon av laks og aure med maksimalt tillat biomasse (MTB) på 3120 tonn.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir med dette løyve til produksjon av laks, aure og regnbogaure med maksimalt tillat biomasse (MTB) på 3120 tonn på visse vilkår. Løyvet med dei vilkåra som høyrer med, følgjer vedlagt. Løyvet er gitt med heimel i Lov 1981-03-13 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11 og § 16.

Løyvet erstattar følgjande løyve med endringar, jf. forureiningslova § 18 løyve gitt 29.08.2001 til Aqua Farms Vartdal AS.

Fråsegner til søknaden

Søknaden blei lagt ut til offentleg ettersyn i fire veker frå 11.8.2012. Det har ikkje kome inn merknader til søknaden i samband med kunngjeringa.

Vartdalsfjorden er i framlegg til ny kommuneplan for kystsona prioritert for tilrettelegging av akvakultur og Ørsta kommune har ikkje merknader til utviding av biomasse.

Grunngeving for vedtak om løyve

Utsleppa frå eit oppdrettsanlegg består av store partiklar (spillfôr og fekalier), svevepartiklar og oppløyste stoff. Dei største partiklane vil sedimentere heilt i nærleiken av anlegget og påverke botntilhøva her. Mindre partiklar og oppløyste næringsstoffer vil kunne gi verknader lengre ut i resipienten. Den store auken i fiskeoppdrett dei siste åra har ført til ein stor auke av utslepp av næringssalt langs kysten vår. Frå Lindesnes og opp til den russiske grensa er fiskeoppdrett den største kjelda til menneskeskapte utslepp av næringssalt. Samstundes ser ein at kortliva trådalgar tek meir og meir over for den artsrike tareskogen. Dette er bekymringsfullt. Ein regional overgjødning av kystvatnet vil ha store konsekvensar for miljøkvaliteten i våre kyststrøk. Basert på tilgjengeleg kunnskap er det med dagens produksjonsvolum vurdert til lite sannsynleg at dette skal skje. Overvaking rundt anlegga og av marine økosystem er nødvendig for å avdekke risikoområder som krev at det tas spesielle omsyn.

Det er utført MOM B-undersøking ved lokaliteten Bjørndal 21.2.2011. Ei B-undersøking seier noko om verknadane av sedimentering rett under anlegget. Generelt består botnen av grus, skjellsand, sand og mudder og skal vere egna for denne type undersøking. Undersøkinga ble gjort ved høg biomasse, fôrforbruk 463 939 og produksjon 420 000. Undersøkinga fekk samlekarakter 1 som er beste tilstandsklasse, men enkelt prøvar er påverka av drifta og 4 prøvepunkt fekk tilstand 2 og ei prøve fekk tilstand 3. Rapporten konkluderer med at det er spor av belastning etter drifta, men at det er betre enn ved førre undersøking.

Det er gjennomført straummålingar på lokaliteten i perioden 23.05.- 04.07.2012. Straummålingane syner at det er moderat overflate og spreingsstraum på lokaliteten, det er ikkje målt straum på botnen. Ut frå dei resultata som føre ligg ved B-undersøkinga kunne det ha vært nyttig med ein straum måling på botnen for å sjå om det førekjem "flush". Djupne på lokaliteten er oppgitt til 60 meter, det skal da målast 1 meter over botnen. Botten straum er viktig for å vurdere lokalitetens evne til å spreie og omsetta organisk materiale frå oppdrett og det er generelt ein samanheng mellom gode strømtilhøve ved botnen og gode miljøforhald. Data om straum ved botnen er derfor viktig for oppdrettar og forvaltning. Fylkesmannen finn dei målingane som er gjort tilfredstillande til å kunne vurdere søknaden, men stillar som vilkår at det gjennomførast straummåling ved botnen. Resultata frå målingane skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) stiller krav om at tilstanden i vatn skal beskyttast mot dårligare tilstand, og at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemiske tilstand. Ny eller utvida aktivitet kan tillatast dersom det medfører ei endring i miljøtilstanden i en vassførekomst frå svært god tilstand til god tilstand. Tilstanden i vassførekomsten *Vartdalsfjorden* er i dag beskriven som god. Klassifiseringa er basert på faglege vurderingar og det føreligg ikkje måledata frå vassførekomsten. Det er vanskeleg å sjå kva ei utvida aktivitet ved lokaliteten vil medføre av påverknad for vassførekomsten. Ut frå tilgjengelig kunnskap om fiskeoppdrett generelt, vurderast risikoen for at tilstanden reduserast til dårligare enn god som liten.

Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldloven) stiller krav til kunnskapsgrunnlaget ved offentlege avgjersle som råkar naturmangfaldet. Søknaden med undersøkingar av miljøtilstand (MOM-B) og strømmålingar vurderast å oppfylle kravet til kunnskapsgrunnlaget saman med tilgjengelige data i nasjonale databaser (Naturbase og

Fiskeridirektoratets kart). Det føreliggande kunnskapsgrunnlaget gir likevel ikkje klart svar på om lokaliteten vil tåle biomasse auken det vert søkt om.

Strømtilhøva vurderast som moderate for den biomassen det vert søk om, men det manglar strømmålingar vet botnen. Undersøkingar gjort ved tidligare drift gir ingen sikre svar på at påverknaden har vært akseptabel. Prinsippet om føre-var må derfor vekt leggjast i vurderinga av løyve.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at lokaliteten med tilhøyrande resipient kan vere egna til oppdrett, men at det skal leggjast vekt på dei naturfaglege prinsippa ved tildeling av løyve. Krav om miljøundersøkingar vil gje svar om risikoen for ureining under og ved anlegget vil ha negativ effekt på resipienten.

Krav om miljøundersøkingar

For overvaking av kva for verknader oppdrettsanlegg har på botnforhold, har Norsk standard 9410 (NS 9410) utarbeida ei B- og ei C-undersøking. B-undersøkinga skal vise korleis botnen under og heilt i nærleiken av anlegget er påverka. C-undersøkinga skal gi eit bilete av botnpåverknad utover i resipienten i anleggets fjernsone. For å overvake verknader på dyre- og algesamfunn i fjæresona og nedover i sjøen er det utarbeidd ein standard miljøundersøking: NS-EN ISO 19493:2007.

Løyvet stiller krav om å gjennomføre ei B- og C-undersøking etter NS 9410 ved den første maksimale belastninga, og deretter etter intervall gitt i NS 9410, jf. akvakulturdriftsforskrifta § 35. Verksemda skal vidare dokumentere miljøtilstanden i litoral- og sublitoralsona i området som mest sannsynleg vert påverka av anlegget. Undersøkingar av litoral og sublitoralsona skal fylgje NS-EN ISO 19493:2007 **Alle undersøkingar må utførast av ein uavhengig kompetent fagleg instans som er i stand til å tolke resultatata i forhold til miljøpåverknad.** Krava er spesifisert i vilkår 8.1 i vedlegg til dette brevet.

Krav til miljøundersøkingar:

- B-undersøking skal gjennomførast ved den første maksimale belastninga på resipienten og deretter i samsvar med NS 9410.
- C-undersøking skal utførast ved første maksimale belastning på resipienten og deretter i ein frekvens som den uavhengige faglege instansen vurderer som tilfredstillande (minst ein kvart 6. år).
- Undersøking av litoral- og sublitoralsone skal utførast ved fyrste maksimale belastning på resipienten og deretter i ein frekvens som den uavhengige, faglege instansen vurderer som tilfredstillande (minst ein gong kvart 6. år).
- Det settast krav til at verksemda sjølv skal dokumentere og sikre reine strandsonar i nærleiken av anlegget gjennom si internkontroll. Dette gjeld påverknad som kjem frå verksemda og er spesifisert i vilkår 7.1.

C-undersøkinga kan utførast i samarbeid med andre lokalitetar som ligg i nærleiken. Til informasjon må verksemda rekne med å delta og delfinansiere overvaking som blir sett i gang i området som ein del av aktiviteten med gjennomføring av Vassdirektivet (jf.§51 i forureiningslova).

Kopi av alle miljøundersøkingar som ikkje registrerast via AltInn skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Alle resultat skal registrerast på <http://vanmiljo.klif.no>. Nærare informasjon om dette kan bli gjeven ved å vende seg til Fylkesmann i Møre og Romsdal.

Erstatningsansvar

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kap 8.

Vedtak om gebyr for sakshandsaminga.

Vi viser til "Forskrift om begrensning av forurensning" (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv, samt varsel av 13.08.2012. På bakgrunn av opplysningar gitt i søknaden, er det omsøkte tiltaket plassert under gebyrsats 4 jamfør forureiningsforskrifta § 39-3 og § 39-4. Det betyr at Aqua Farms Vartdal AS skal betale eit gebyr på kr 19 900 for sakshandsaminga. Faktura med innbetalingsblankett vil bli ettersend. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Vedtak om plassering i risikoklasse

Aqua Farms Vartdal AS sin aktivitet på lokaliteten 12308 Bjørndal vert plassert i risikoklasse 3.

Klagerett mv.

Vedtak om løyve og risikoklasse

Vedteke løyve og risikoklasse kan påklagast til Klima- og forurensningsdirektoratet (tidlegare Statens forureiningstilsyn) etter reglane i kap. VI i forvaltningsloven av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Eventuell klage skal sendast fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, dvs frå det tidspunktet anlegget har fått konsesjon etter akvakulturloven. Klagen skal visa til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ynskjer. Klagen bør vere grunngeven, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen i Møre og Romsdal eller Klima- og forurensningsdirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er ferdig behandla, jf § 42 i forvaltningslova. Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningsloven §§ 18 og 19. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil på førespurnad kunne gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Klage på vedtak om og gebyr

Vedtaket om gebyrsats kan påklagast til Klima- og forurensningsdirektoratet innan 3 veker etter at varsel er motteke, jf § 41-5 i forurensningsforskriften. Eventuell klage bør vere grunngeven og skal framsendast gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen blir ikkje gitt oppsettande verknad. Det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med ovanstående. Dersom Klima- og forureiningsdirektoratet kjem klagen i møte, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
Seksjonssjef

Gunnhild Liva Austvoll

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova for oppdrett av matfisk på loknr.12308 Bjørndal i Ørsta kommune – Aqua Farms Vartdal AS

Kopi m/vedlegg:

Ørsta kommune	Dalevegen 6	6150	Ørsta
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

**Løyve etter forureiningslova for oppdrett av matfisk
på loknr.12308 Bjørndal i Ørsta kommune – Aqua Farms Vartdal AS**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Det er satt vilkår i løyvet (side 2 – 5).

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden av 07.07.2012 samt opplysningar som har kome fram under behandlinga av søknaden.

Løyvet gjeld først frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dette løyvet erstattar tidlegare gitte løyve med endringar til Aqua Farms Vartdal AS datert 29.08.2001 og evt. seinare løyve gitt til denne lokaliteten.

Data om verksemda:

Eigar av anlegget	Aqua Farms Vartdal AS	
Postadresse	6170 Vartdal	
Lokalitet	Bjørndal	
Lokalitetsnummer	12308	
Kommune og fylke	Ørsta i Møre og Romsdal	
Kartreferanse	Nord:	Aust:
EUREF89 i UTM-sone 32	6911700	349300
Maks. tillate biomasse (MTB)	3120 tonn laks, aure og regnbogeare	

Saksnr.: 2012/5251	Løyvenr.: 2013.134.T	Risikoklasse ¹ : 3
Løyve gitt: 28.5.2013	Endringsnr./dato: -	Endring: -
Linda Aaram seksjonssjef		Gunnhild Liva Austvoll

¹ Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Klima- og forurensningsdirektoratet arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova

1. Ramme for løyvet

Løyvet gjeld frå det tidspunktet anlegget har fått løyve etter akvakulturlova. Løyvet gjeld for ein produksjon med maksimal tillate biomasse (MTB) på 3120 tonn laks, aure og regnbogeare.

Dersom anlegget ikkje er etablert innan to år, må det etter forureiningslova § 20 bli gitt melding til fylkesmannen som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

2. Utslepp til vatn

2.1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Det er berre lov med bruk av tørrfôr. Definisjon av tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

2.1.2 Medisin/kjemikal

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmidlar mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene. Ved fôring med medisinfôr skal mest mogleg av fôrspill og ekskrement samlast opp. Oppsamla fôrspill/ekskrement skal handterast i samsvar med pkt 5.

2.3 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom med meir må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

3 Utslepp til luft

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall samt andre aktivitetar ved anlegget skal skje på ein slik måte at dei ikkje fører til urimelege luktulemper for naboar.

4 Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, sjukehus, pleieinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utregna som frittfeltsverdi ved fasade som er mest ramma av støy:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl.19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Søn- /heilagdagar (kl. 07-23) $L_{pAeq16h}$	Natt (kl. 23-07) L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære drift, inkludert intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av tilsette ved verksemda er likevel ikkje omfatta av grensene.

5 Avfall og slam

5.1. Produksjonsavfall og slam

Død fisk, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper. Død fisk skal, så langt det er mogleg, takast opp av produksjonseiningane kvar dag. Når det døyr meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande. Avfallet skal behandlast slik at det i størst mogleg grad kan utnyttast. Oppsamla død fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast. Alt avfall skal leverast til behandlingsanlegg som er godkjend av fylkesmannen.

5.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfor, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før avhenting ved produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

5.3 Anna avfall

Emballasje o.l. samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt 5.1 og 5.2 skal leverast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

6 Lagring av medisin og kjemikal

Medisin, insekticid, kjemikal mm skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande. Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell e.l. ikkje vert slept ut, men kan samlast opp. Dette kan f.eks. sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å lage kantar som gir eit stort nok volum.

7 Kontroll

7.1 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift om dette². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollen skal sikre at det ikkje oppstår synleg avfall eller partiklar som stammar frå verksemda langs med strandlina.

² Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta)

Verksemnda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjeve greie for risikotilhøve.

7.2 Rutinar for vedlikehald

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg mm, slik at desse alltid vert drivne mest mogleg effektivt. For å sikra dette, skal verksemnda drive rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

7.3 Kontroll

Verksemnda skal til ei kvar tid registrere og journalføre følgjande data;

- biomasse
- talet på død fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av:
 - antibiotika, type og mengd
 - insekticid, type og mengd
 - andre kjemikal
- mengde og samansetning av oppsamla slam samt vidare handtering
- avfallsmengder og vidare behandling

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/-inspeksjon. Verksemnda pliktar å la representantar for fylkesmannen og kommunen inspisere anlegget når dei måtte ynskje det.

7.4 Årsrapport

Dersom fylkesmannen krev det, skal det utarbeidast ein rapport som viser produksjon det siste året, avfallsmengder og handtering, samt forbruk av fôr, medisin m.m. Årsrapporten skal leverast på standard skjema.

8 Resipientundersøkingar

8.1 Standard overvaking

Det skal i samsvar med akvakulturdriftsforskriften § 35 gjennomførast B-undersøkingar etter Norsk Standard 9410:2007³ ved den første maksimale belastinga, og vidare etter intervall som går fram av NS 9410:2007³. På hardbotnslokalitetar der organisk avfall frå anlegg akkumulerast i groper, lommer og ved foten av skrånningar, skal dette registrerast, og prøver skal hentas frå dei registrerte områda.

Det skal gjennomførast C-undersøkingar etter NS 9410:2007³ ved den første maksimale belastinga og oppfølgjande C-undersøkingar minst kvart 6. år.

³ NS 9410:2007 Miljøovervåking av bunnpåvirkning fra marine akvakulturanlegg

Det skal utførast undersøkingar av litoral- og sublitoralsona i henhold til NS-EN ISO 19493:2007⁴ minst kvart 6. år.

Undersøkingane skal utførast av ein uavhengig, kompetent faginstans og resultata skal ha ei fagleg vurdering i forhold til miljøpåverknad. Resultata av undersøkingane skal registrerast i databasen <http://vannmiljo.klif.no>. Nærare informasjon om registrering vil bli gitt på eit seinare tidspunkt.

Verksemnda skal i forbindelse med MOM-undersøkingane gjennomføre ein måling av straum ved botnen.

8.2 Måling av straum ved botnen og utvida overvakning

Det skal gjennomførast måling av straum ved botnen seinast i samanheng med MOM-undersøkingane. Målingane skal utførast av kvalifisert personell. Det visast til “*Veileder for utfylling av søknadsskjema for tillatelse til akvakultur i flytende eller landbasert anlegg* pkt. 4.3.4.” Målingane bør følgjast av ein fagleg vurdering og metode beskriving, måle usikkerheit, feilkjelder etc. resultata sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Verksemnda pliktar å gjennomføre meir omfattande granskingar og overvaking dersom fylkesmannen finn at dette er nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningsloven § 51. Verksemnda kan og bli pålagt å betale ein forholdsmessig del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemder med utslepp i området.

9 Generelt

9.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemnda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader blir minst mogleg.

9.2 Akutte utslepp

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal fylkesmannen varslast så snart som mogleg.

9.3 Forureiningsgebyr og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova vedta forureiningsgebyr for å sikre at reglane i loven og vilkåra i dette løyvet blir følgde opp. Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kapittel 10 i forureiningslova.

9.4 Endring av utsleppsløyvet

Utsleppsløyvet kan endrast i samsvar med vilkåra i forureiningslova § 18.

9.5 Eigarskifte, konkurs og nedlegging

⁴ NS-EN ISO 19493 Vannundersøkelse – Veiledning for marinbiologisk undersøkelse av litoral og sublitoral hard bunn (ISO 19493:2007)

Dersom verksemda blir overdrege til ny eigar, eller endrar namn, skal melding sendast fylkesmannen så snart som mogleg, og seinast 1 månad etter eigarskiftet/endinga.

Ved nedlegging av drifta, t.d. på grunn av konkurs, skal det også bli gitt melding til fylkesmannen, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk.